

Ekspedisjonen min

Det starta med at eg besøkte ein venn fordi han ville at me skulle reisa tilbake i tid. Han ville reisa heilt tilbake til dinosaur tida. Eg hadde heldigvis rekna med at han ville tilbake til dinosaur tida, så derfor hadde eg teke med meg nokre venner på turen, sånn at ikkje eg og han skulle vere heilt åleine. Det første me gjorde når me hadde reist tilbake til dinosaurtida var at me fant litt forskjellige plankar, og så bygde me oss eit hus. Når me var ferdig var det seint på kvelden, så derfor gjekk me å la oss. Når me vakna igjen såg me rett på ein brachiosaurus, heldigvis så var det ein planteeter. Så når me sto opp gjekk me og lagde oss litt mat og drikka, og så gjekk me på ein liten oppdagelsestur. Når me hadde gått litt, fant me fram til ein fantastisk plass. Det var fullt av vakre dinosaurar, og fullt av ukjende planter, trer og blomar. Og det som skjedde då me hadde komme inn, så skjedde det noko som ikkje var forventa. Plutselig kom det ein spinosaurus ut ifrå trea og begynte å springe etter oss. Men så skjedde det noko som ikkje var forventa, og det var at alle saman bare plutselig datt ned i eit hol. Heldigvis såg ikkje spinosaurusen det, så dermed sprang han bare vidare. Når me endelig hadde komme oss opp, så kom det springande ein triceratops. Den såg ikkje glad ut! Då skjønnte me plutselig at det ikkje bare var eit hol me falt ned i, å nei det var faktisk hula til triceratopsen. Så derfor måtte me springe igjen. Me begynte dermed å ikkje like så godt dinosaurtida, så bestemte oss for å snart reise tilbake til mennesketida igjen. Men så hadde det hendt noko forferdelig. Me fant ikkje fjernkontrollen så gjorde at me kunne reise tilbake til mennesketida igjen! Dermed måtte me bare begynne å leita etter den, og etter ein stund fant me hytta me hadde bygd, men dessverre så hadde ein dinosaur tråkka på fjernkontrollen sånn at me ikkje kunne komma heim igjen. Men heldigvis så hadde ein av vennane mine teke med seg lommekniven sin. Og heldigvis så var det Skiftenøkkel på den, så dermed starta han med ein gong å fikse den. Imens han fiksa den så gjekk me og sjekka om det var nokre dinosaurar, og heldigvis så var det ikkje det. Så dermed gjekk me å hogga ned ein grein, og lagde fiskestang ut av den. Me brukte lianar til lina på fiskestanga, og så brukte me ein tynn og solid grein til sjølve fiskestanga. Når me var ferdig me fiskestanga leita me etter litt mark, og det var jo ingen andre menneskar, så dermed var det masse marker me kunne ta. Når me hadde knyta liana rundt marken, gjekk me å fiska. Me fikk veldig mykje fisk, og når me nesten var ferdig, kom det opp ein svaneøggle og heldt på å ete oss, men heldigvis så bomma den. Då me kom heim igjen, så var han andre vennen vår ferdig å fiksa fjernkontrollen. Eigentleg så ville me vere her litt til så me overtalte vennen vår til å vere her litt til. Så da me gjorde etterpå var at me gjekk å lagde oss ein båt av litt palmer og sånt, men så blei det så seint at me bare gjekk

for å sova. Når me vakna neste morgon, fant me ut at ein brachiosaurus hadde knust båten me hadde begynt på. Men me blei selvfølgelig ikkje sur på den. Nei, me blei nesten heller glad for at den hadde knust den, sånn at me kunne begynne på nytt. Grunnen for at me blei glad var at me likte veldig godt å byggje båtar saman. Og i tillegg så kunne jo ikkje den brachiosaurusen noko for det. Den er jo bare ein dinosaur, og brachiosauruser har jo ikkje så stor hjerne. Så me bare lagde ein heilt ny båt. Når me var ferdig med den, satt me den ut på vatnet, lagde ein fiskestang til han som hadde fiksa fjernkontrollen og begynte å fiske igjen. Når me var ferdig, tok me alle fiskane opp i hytta vår. Og så tok me fullt av palmeblader inn i hytta og lagde ein slags matpakke. Så gjekk me ut og høsta litt hvete, fordi det var litt hvete ut forbi hytta. Så då gjekk me å høsta litt hvete, og så gjekk me opp igjen i hytta å lagde oss brød. så tok me å røykte fisken og låg den inni brødet. Så gjekk me ut igjen for å oppdaga litt meir av denne verden. Når me hadde gått litt, fant me ei palme. Og oppi den palma, var det ein kokosnøtt. Og i ein anna palme, litt lenger borte var det nokre bananar, og selvfølgelig måtte ein av vennane mine klatra opp i palma for å hente dei. Og når han hadde klatra opp i palma, så såg han ein diplodocus, men den er jo ein planteeter så den gjorde ingenting mot oss. Når han endelig hadde henta bananane så gjekk me bort til hytta, og så åt me. Dermed bestemte me oss for å reise tilbake igjen til mennesketida. Så når me hadde komme tilbake til mennesketida igjen, så var alle saman trygt heime. Dermed var denne ekspedisjonen til dinosaurtida over.